

Samar i dag

Samane er urfolket i Noreg. Sápmi er namnet på området der dei slo seg ned.

I dag bur dei fleste samar i Sápmi. Det bur òg mange samar i andre delar av Noreg.

Før levde samane av naturen. Dei jakta, fiska og fanga dyr. Reindrift var òg viktig. I dag har dei fleste samar andre jobbar.



Sametinget.

Samane har sitt eige folkevalde råd som heiter Sametinget. Det arbeider for samisk språk, kultur og rettar.

Samane har sin eigen nasjonaldag. Den vert feira 6. februar.

Spørsmål til teksten:

1. Kva er Sápmi?

2. Kvar bur samane i dag?

3. Kva er Sametinget?

4. Kva dato er samane sin nasjonaldag?
